



Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjekontoret

Dato: Torsdag 18. oktober 2018

Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem N.B. Ord for dagen
Sindre Aarbø	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 12. oktober -2018

Sigrid Marie Fangel

Harald Rydland

Soknerådsleiar

Kyrkjeverje

Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-52/18	Nominasjonskomite for kyrkjevalet 2019	
S-53/18	Gudstenesteliste for første halvår 2019	
S-54/18	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-55/18	Referat frå sist møte	
S-56/18	Meldingssaker	
S-57/18	Open post	



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 52/18: Nominasjonskomite for kyrkjevalet 2019

Kyrkjevalet for 2019 skal heldast den (8.) og 9. september. Før den tid har soknerådet ansvar for å leggja til rette for at valet kan gå føre seg i tråd med reglane som kyrkjemøte fastsette i 2018. Når det gjeld valet her hos oss, er det sett opp nokre viktige datoar som soknerådet må halda seg til:

2. januar Frist for å registrere nominasjonskomite`

30. april Frist for innlevering av listeforslag ved val av sokneråd

5. mai Frist for å godkjenne listeforslag og kunngjera vallister, valform og eventuell supplerande nominasjon. (Ansvarleg: valrådet i bispedømmet og valstyret i soknet)

10. august til 6. september Førehandsrøysting

1. september Frist for førehandsrøysting i anna sokn enn der ein har stemmerett.

(8.) og 9. september Valdag

Det første soknerådet må få på plass er ein nominasjonskomite som skal få tak i kandidatane til å stå på lista for valet. Sidan dette skal vera på plass seinast 2. januar 2019, må soknerådet oppnemna komiteen på neste rådsmøte.

Framlegg til vedtak:

Dei kandidatane som vart nemnde i møte, skal fram mot neste møte spørjast om dei er villige til å vera vera med i nominasjonskomiteen for soknerådsvalet. Oppnemning av komiteen skal gjerast på neste soknerådsmøte.

Sak 53/18: Gudstenesteliste for første halvår 2019

Soknepresten har no laga utkast til gudstenesteliste for første halvår 2019. Presten synest det er greitt å leggja dette fram for soknerådet alt no, slik at rådet kan komma med innspel tidleg i prosessen. Sidan me har fått ny sokneprest kan det vera på sin plass at presten og rådet tek ein samtale om arbeidet i kyrkjelyden framover

Framlegg til vedtak:

Soknerådet sluttar seg til dei tankane som soknepresten har lagt fram når det gjeld gudstenestene første halvår 2019. Rådet ber om at dei innspela som kom fram i møtet ver teken med i det vidare arbeidet. Planen for gudstenester og kyrkjeoffer skal stadfestast endeleg av soknerådet på siste møte dette året.

Sak 54/18: Arrangement i kyrkja sin regi

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som gudstenester, tiltak i trusopplæringa m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering av desse arrangementa. Framfor oss ligg det og fleire arrangement som internasjonal helg, TV-aksjon til Kirkens Bymisjon, helgemesse og andre tiltak. Soknerådet bør sjå til at planlegging og gjennomføring er sikra på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.



Sak 55/18: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 20. september 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 20. september 2018.

Sak 56/18: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Inspirasjonssamling for sokneråd i Bjørgvin bispedøme, påmelding
2. Prostdag i Sveio, påmelding
3. Arbeidet i kyrkjestova

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 57/18: Open post